

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12.


Fylke: Nordland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Rødøy

Emne: Gamal Engkultur.

Bygdelag: Storselsøy.

Oppskr. av: T. K. Heen,
(adresse): Nordværnes.Gard: 
G.nr. 2 Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1). Her på garden Storselsøy har det ikkje vore anna utslåtte enn på øyane. Den utslåtta er det no så godt som slutt med. Ho vart kalla for øyslåtte - i motsetnad til innmark slåtte.

Til fram mot 1905 vart det bruka denne framgangsmåten med engdyrkinga. - Gamal mosegrodd voll vart pløgd opp - helst om hausten. Når våren kom; vart åkeren godt harva og godt gjødsla med naturgjødsel. Så vart det sått bygg. Neste år grodde så åkeren att med villgras. Dette graset vart kalla for ekre og var svært grovt. To års eng vart kalla for attlege. *Skulde åkeren brukes til potetaker, vart det sett potet i han andre året*

Det vart bruka slike namn som tjukk-gars, tjukk-eng og småeng. Der dei hadde fare over enga med grindar, - grindgått - vart enga ofte kalla for grindslåtte. (Desse namna kan sjølv sagt endra seg frå gard til gard)

Høyet vart kalla for ekre, langhøy og småhøy. Det småaste høyet kalla ho mor ofte for skvint. (Det er berre skvint som er ihopraka på sørsida av Svart-hammaren)

Det vart ikkje bruka stutturv. Var det så vanskeleg å slå at det ikkje gjekk an med langorv, brukte dei gamle heller sigden. -

2). Her ute på øyane er det lite om både skog og krattskog. Men vaks det kratt kring enga, vart kvistane, som hadde dotte av om vinteren, raka saman i dungar (kvist-dungar) når ein om våren renska enga for ~~for~~ stein og anna rusk og rask som hadde samla seg om vinteren. Alt som kunde brukast til brensel vart bruka til det.

Oska vart som oftast lagt i dunge attmed "Vesle-nuset". Når det så skulde gjerast reint under det, vart denne djødsla godt blanda med oska og køyrd bort og spreidd utover ein mosegrodd voll - langt frå garden. -

Dei steinane som ikkje var større enn at folk van med dei vart bortkøyrd. Dei store ~~vart~~ grov dei ned.

- 3). Mosegrodd eng vart pløgd. Det vart av og til sopa saman frø frå låven og dette vart sått i åkeren som skulde legges igjen.- Det vart ikkje kjøpt grasfrø.
- 4). Myr vart grøfta, men mykje av veitene var opne. Til veitene som vart lagt igjenn, vart det mange gonger bruka høvelege steinheller. Ei vart lagt i botnen på veita, og to andre røyst mot ein annan som eit møne over den som låg.- Opningen i veita vart ein trekant. Dei veitene som vart attsette, var omlag 70 - 80 cm. djupe. Dei opne veitene kunde vera djupare. Vatning var ikkje brukt til anna en kål- og gulerotlandet.
- 5). Det vart lite gjødsel til enga. Når åkrane hadde fått ~~sitt~~ sitt, vart det som oftest lite att til enga.- Hest- og sauegjødsel vart nytta til potet-åkeren. Så det vart i tilfelle kugjødsel som vart bruka til enga. - Og det vart vist ikkje gjødsla etter så og så mange lass på målet. Det ^{vart}truleg gjødsla etter som det høvde.-

6). Neppe.

7). Ein einaste gong har eg høyrd ein mann seie at han sette fjøsen sin slik (oppe i ein bakke) at unnasiget frå fjøsen skulde gjødsla marka nedafor.

Slike namn har eg ikkje høyrd.


8). Enga vart gjødsla etter som det høvde. Eit år kunde enga bli gjødsla om hausten, eit anna år om våren. Etter at bikkvogna kom i bruk her (kring 1880) vart gjødsla både på åker og eng køyrd ut på denne måten.

Til ein hest vart det nytta to vogner. Mannen sjølv køyrde, og ein vaksen og ein halv-vaksen gut leste på. Når mannen var kørd avstad med første lasset, vart den andre dregen inn i frausvala. Gjødsla vart hakka ut av fraudungen og smuldra med eit grev, og så vart ho lest på vogna med gjødselgreip. Når mannen hadde tømt første vogna på åkeren og komen attende til frausvala, var den andre vogna pålest. - Det var då berre å spenne hesten frå den tomme vogna og spenne han føre den fulle, og så kunde mannen køyre med lass igen. På denne måten kunde det verta køyrd ut 70 - 80 lass på ein dag.- Når mannen var komen på åkeren med lasset, tok han frå bakfjøla på vogna, og med eit noko stort grev hakka han av ein liten dunge. Så køyrde han fram nokre skrev og så hakka han av ein ny dunge. Lasset vart til vanleg delt opp i 4 dungar; Sume brukte å dela det i 5. Den siste dungen vart bikka ut av vogna.


Gjødseldungane vart liggande i beine render burt etter åkeren.- Når det ~~med~~ så var køyrd nok gjødsel på åkeren (20- 25 lass) på målet) vart dungane spreidde utover med grip og gjødsla nedharva.

Eg har set berre ei greip laga av tre. Ho hadde tre tindar. Dei greipene som var i bruk då eg vaks opp, var laga omlag som dei gripene ein ser idag, berre med den skildnaden at tindane var laga av firkanta jarn, no er dei av rundt stål.

9). Ja, hestar, kyr og sauer gjekk ute og gnog både ~~hau~~



1/21 grip.



~~og var~~ gnog på enga både høst og vår.- Trur ikkje folk tenkte å få marka gjødsla på den måten.


- 10). Det er nok mykje gnag på enga den dag i dag, især om hausten. Men første og delvis andre års eng er som oftest inngjerd. Skifte er vel gått føre seg i tida 1920-1935.
- 11). Nei, ikkje som eg kjenner til.
- 12). Når veret var godt låg buskapen i grindane, var det stygt, låg han i sommarfjøs.
- Nesten alle gardane hadde sommarfjøs. Han låg i utkanten av garden, så det var lett å få inn feet om kveldane utan tråkk i enga. Gjødsla frå sommarfjøs vart helst nytta til enga. Og vart sume år køyrd ut om hausten og sume år om våren.-
- 13). Det var ikkje i bruk andre innhegningar enn grindane
- 14). Når veret var godt, vart buskapen - både kyr, saue og geiter hatt inn i grindane om natta. Grindane var laga omlag som vanlege port-grindar. Kvar grind omlag 2 m. lang og så høg at det var vanskeleg for sau eller geit å hoppe over ho.
- Grindgåinga vart nytta til gjødsling av eng og til nydyrking. Var det ei lyngmo i utkanten av garden som bonden vilde få eng av, brukte han å grindgå moa. Grindane vart køyrde fram til moa og oppsette i ein firkant. Når kvelden kom, vart så feet jaga inn. Nest dag vart grindane flutte til ny mark, på den måten at den eine langveggen stod som natta før. Berre den eine langveggen og tverrveggene vart flutte og sette opp til ein ny firkant på "frisk" mark. Buskapen måtte vera bra stor dersom ein ikkje gridde seg med 10 grindar. (Tre i kvar langvegg og to i kvar tverrvegg)
- Gjødsla vart kvar morgon slegen utover med gjødseltreet, gjødselreka.
- Når enga skulde gjødsles med grindgåing, gjekk ein fram på same måten som nemnd ovafor. Men ein drygde så lenge med å grindgå at ein fekk slå gras som stod på engstykket før grindane vart sett opp.
- Den siste garden eg veit om som dreiv med grindar her i Rødøy - Værnesosen - slutta med dei omlag 1915.
- 15). Her ute på øyane var det ikkje udyr.
- 16). Sjå 15.
- 17). Ja, det kunde vera lefse med gomme på. Eller potetkake "melkkake" eller blodkake - om det nyleg hadde vore slakta på garden.
- 18). Nei.
- 19). Ja, ordet er kjend i samband med grindgåing. Feet har trødd i grindane. Fetrokk. Ho har trødd mykje i fjøs i sine dagar. Ordet finn ein også i gardsnamnet Trøa i Sørnesøy i Lurøy
- 20). Nei, her var ikkje sætrar.
- 21). Ja, enga vart gjødsla med fiskeavfall, tang og tare og fiskehovud. Turka fiskehovud vart slegne ned i marka med ei klubbe, tett i tett. Sild og anna fiskeavfall og turka myr vart lagt lag om lag til det var

Gjødselreke.

ein stor dunge (Komposdunge). Når den dungen hadd
lege eit års tid å rotne, vart han nytta til
gjødsel på åker og eng.

Norddernes 16 april 1949.

T. K. Steen.



No slike gjerdar künde dei gamle
lage til store inchevningar. —



Si malkereke. Dei vort for det mecke
arbeidd i Rana og Nesna og sett til øverringene
istt på Bjørsmacknaden.

Det stikk bre vort nytta til a sla
 gjødsla ulover, nar ein grundgjekk-
 Pa Storselwoy vort det Kolla Makkertreet.
 Men i Littlefjorden i Rodoy vort det Kolla
Grundbanka.

Wordl. Rodoy


NORSK ETNO OG ISK GRANSKING
 ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
 BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan
 bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over
 aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret
 hekk på stonga bak ryggen at den som bar (drog). Ein liten
 mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid.
 Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampa over.
 Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre
 frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har
 vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon
 i Dykkar bygd noko om det?

Nei.



3164

Tilleggsspørsmål til nr. 12.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka
 fiskebein og fiskehovud til brensel?

Har ein bruka kumøkk til brensel?

Nei, Kumøkk eller
 anna møkker har eg
 ikkje høyrd har vore
 nytta til brensel, men
 utruleg er det ikkje -

Ja, ikkje herre fiskebein og
 fiskehovud, men turka
 laug, lyng og eine-
 Med andre ord: alt som
 brann på gruva.

Norddønes 23/4 1949 T.K. Olsen.